



Statens landbruksforvaltning

Norwegian Agricultural Authority

Skogfond for berekraftig skogbruk



Fakta om skogfond



- ✓ Alle har plikt til å setje av skogfond som skal sikre finansiering av eit berekraftig skogbruk på eigedomen
- ✓ Ordninga med skogfond er bestemt i "Forskrift om skogfond" av 11. januar 2007 som er fastsett i medhald av skogbrukslova
- ✓ Alle skogeigedomar har eigen skogfondskonto. Skogfondet tilhøyrrer skogeigedomen, og skal nyttast der av den som eig skogen
- ✓ For alt omsett virke frå eigedomen skal 4-40% av bruttoverdien setjast av til skogfond
- ✓ Ved sal av juletre og pyntegrønt er det valfritt å betale inn til skogfond
- ✓ Utbetalte midlar frå skogfondskontoen blir berre delvis skattlagde dersom dei blir investerte i bestemte føremål. Frå 2007 er den skattlagde delen av midlane berre 15%

I saker som gjeld skogfond skal du vende deg til kommunen.

Forklaring:

Omsett virke er massevirke, sagtømmer og spesialvirke av bartre og lauvtre, skogsvirke til ved og anna biobrensel, samt juletre og pyntegrønt. Med bruttoverdi meinest salsverdien av henteklart rundvirke, inkludert eventuelle tillegg knytte til salet. Bruttoverdien skal alltid gjevast opp ved registrering. For virke som ikkje blir seld eller avrekna som henteklart rundvirke, må du berekne bruttoverdien.

Kva kan skogfondet nyttast til

Skogfondet skal nyttast til langsiktige investeringar, og til å sikre viktige miljøverdjar. Midlane skal brukast i den skogen som virket kjem frå, eller i annan skog som skogeigaren har.

- ✓ Skogkulturtiltak, som planting og ungskogpleie
- ✓ Bygging og opprusting av skogsveggar og velteplassar
- ✓ Vedlikehald av skogsbilveggar
- ✓ Miljøtiltak, som pleie av kulturminne i skog
- ✓ Skogbruksplanlegging med miljøregistreringar
- ✓ Biovarmeanlegg for varmeleveransar
- ✓ Forsikring av skog
- ✓ Kursavgift og kursmateriell for kurs knytte til drifta av skogen
- ✓ Oppmerking av eigedomsgrenser og nødvendige handlangarutgifter ved jordskifte i skog
- ✓ Eventuell meirverdiavgift på desse tiltaka

Kommunen kan gi utfyllande opplysningar om dei konkrete kostnadene som kan dekkast.



Korleis planleggje avsetnad til skogfond



Kor mykje midlar som skal setjast av til skogfond, må vurderast i høve til investeringsbehovet på eigedom. Avsetnaden til skogfond må vere mellom 4 og 40 prosent av bruttoverdien av virket, og skal veljast ved inngåing av tømmerkontrakta. Dersom du ikkje sjølv vel sats, blir det trekt 10 prosent.

Skogfondet gjev ikkje renteinntekter. Har du ikkje planar om å spare opp skogfond til eit bestemt føremål, løner det seg sjeldan å setja av meir midlar enn det som skal investerast i nær framtid. Men når det skal gjennomførast investeringar som gjev skattefordel, er det viktig å sikre at det er tilgjengelige skogfondsmidlar til dette.

Skogfundsordninga er fleksibel slik at du sjølv kan leggje ut på forskot og få dette utlegget refundert av skogfondsmidlar som blir avsette seinare. Slike utlegg til investeringar på forskot blir kalla for udekkja investeringar.

Forklaring:

Udekkja investeringar kan dekkjast av skogfondsmidlar som blir innbetalte innan utgangen av kalenderåret etter at investeringa blei gjennomført. Kommunen kan gje løyve til at større planlagde investeringar kan dekkjast av skogfondsmidlar som blir innbetalte i inntil fem år etter at investeringane er gjennomførde.



Innbetaling og utbetaling av skogfondsmidlar

Innbetaling til skogfond skjer vanlegvis ved at tømmerkjøparen trekkjer frå avsetnaden til skogfond i oppgjeret med skogeigaren, og betaler inn til skogfondskontoen. Det er høve til å betale inn meir midlar for eit kalenderår enn det som allereie er trekt i oppgjeret.

Ved småsal direkte frå garden, av for eksempel materialar og ved, må skogeieren sjølv betale inn til skogfondet. For juletre og pyntegrønt er dette friviljug.

Innbetaling til skogfond kan gjerast ved hjelp av skjema som ein kan få av kommunen eller laste ned frå internett - www.slf.dep.no. Registreringa kan også gjerast direkte på internett. Direkte registrering på internett krev brukarnamn og passord. Etter at registreringa er gjort, vil du få tilsendt innbetalingskrav i posten.

Skogfondsmidlar blir utbetalte ved at skogeigaren tek kontakt med kommunen, enten direkte eller via internett, og dokumenterer dei investeringstiltak som er utførde. Dette må gjerast innan eit år rekna frå utgangen av det kalenderåret investeringa blei gjennomført. Kommunen skal godkjenne tiltaka som er utførde. Utbetalinga skjer vanlegvis til skogeigaren. Med skogeigaren si godkjenning, kan midlane også betalast direkte til den som har utført tiltaket (tredjeperson, dvs. person, firma, institusjon).



Skattefordelar med skogfond

Den delen av tømmerinntekta som blir avsett til skogfond, blir ikkje rekna som inntekt og skattlagt. Denne summen blir ført som inntekt når pengane blir tekne ut frå fondet. Skattefordelen oppstår, fordi ein del av dette uttaket er skattefritt dersom pengane blir nytta til føremål som gjev skattefordel.

Frå 2007 er den skattefrie delen av utbetalt skogfond auka til 85%. Det er nå skattefordel for alle tiltak som kan dekkjast med skogfond (unnateke meirverdiavgift). Det vil seie at dersom ein investerer 1000 kroner i skogen som har vore innom skogfondskontoen, er det berre 150 kr som blir skattlagt.

Effekt av skattefordel:

Det å kunne ta ut delar av skogfondet skattefritt er svært gunstig dersom skatteprosenten er høg. Brukar du 1000 kr av skogfondet på tiltak som gjev skattefordel, så vil 850 kr vere skattefrie. Dersom du har 35,8% marginalsatt (dvs. inntekt utan toppskatt), så gjev dette 304 kr i redusert skatt pr. 1000-lapp.

For å få den same gevinsten gjennom eit tilskot frå staten (som vil bli skattlagt med 35,8% marginalsatt), må tilskotet vere på 473 kr eller 47%. Ved 44,8% marginalsatt (dvs. inntekt med lågaste toppskatt), vil du få 381 kr mindre skatt pr 1000-lapp. Dette tilsvarar eit tilskot på heile 69%.

Kommunen, skogeigarorganisasjonen eller rekneskapskontoret kan gje meir rettleiing om bruk av skogfond med skattefordel.

Skogfond på nett



Det er laga ei løysing der skogeigaren kan få tilgang til sin eigen skogfondskonto som i ein nettbank. Her kan ein til kvar tid følgje med inneståande skogfondsmidlar, historikk og endringar. Det kan også sendast refusjonskrav elektronisk til kommunen. Det blir arbeid med ei løysing der også dokumentasjon av refusjonskravet kan skje elektronisk.

For å bruke nettløysinga må ein logge på internett med adressa www.slf.dep.no og velje elektroniske tenester i menyen til venstre i skjermbiletet. For å få tilgang til data for din eigedom, må du ha brukarnamn og passord som du får tilsendt ved å vende deg til kommunen eller til fylkesmannen si landbruksavdeling.

For meir informasjon om skogfond og eventuelle endringar i regelverket, kan du gå inn på desse nettsidene:

Landbruks- og matdepartementet, www.lmd.dep.no
Statens landbruksforvaltning, www.slf.dep.no
Fylkesmannen sine nettsider, www.fylkesmannen.no

Statens landbruksforvaltning
Postadresse: Postboks 8140 Dep,
NO-0033 Oslo
Besøksadresse: Stortingsgt. 28

Telefon: 24 13 10 00
Telefaks: 24 13 10 05
E-post: postmottak@slf.dep.no
Web: www.slf.dep.no